

**Notat**

Dato: 18.10.2019

Saksnr: 2019/30-1

Saksbehandlar: Ingrid Holm Svendsen

**Deltaking på komitehøyringar på Stortinget i samband med statsbudsjett for 2020**

I samband med framlegginga av statsbudsjettet for 2020 vil fylkesordførar Jon Askeland og fylkesrådmann Rune Haugsdal delta på dei opne høyringane i Stortinget sine komitéar for transport og kommunikasjon og kommunal og forvaltning tysdag 22. oktober 2019 på vegner av Vestland fylkeskommune.

Fylkeskommunen vil særleg fremje synspunkt på kapitla i statsbudsjettet som handlar om Nasjonal transportplan 2018-2029 og vegformål, samt om frie inntekter og manglande finansiering av satsing på ny og miljøvennleg teknologi.

Høyringsnotata som fylkeskommunen har sendt over i forkant av komitéhøyringane ligg vedlagt.

## Vedlegg

- 1 Statsbudsjett 2020 - Komunalkomiteen
- 2 Statsbudsjett 2020 - Transport- og kommunikasjonskomiteen